



HERØY
kommune

Eigedomsskatt vedtekter



EI BÅTLENGD FØRE

Retningslinjer for behandling av fritak etter § 28 i eigedomsskattelova i Herøy kommune

Det kan søkjast om fritak per kalenderår, og ein må søkje nytt fritak kvart år.

Hustandar med samla bruttoinntekt på inntil folketrygdas grunnbeløp (G) x 3 kan søkje om fritak for eigedomsskatt i Herøy kommune.

- Folketrygdas grunnbeløp (G) er i 2025 kr 124 028, 3 G er kr 372 084

Einslege forsørgjarar kan ha samla brutto inntekt på inntil 3,5 G ved siste skattemelding for å søkje fritak for eigedomsskatt. 3,5 G er i 2025 kr 434 098.

Ordninga skal vere eit tiltak for innbyggjarar med lav inntekt. Inntekta blir rekna av hustandens samla brutto inntekt ved siste skatteoppgjer. Som inntekt reknast løn, pensjonar, renteinntekter, aksjegevinstar mm.

Bur det fleire enn søkjar i bustaden, reknast alle over 18 år som ein del av husstanden, også heimebuande born. Deira brutto inntekt leggst saman med søkjars brutto inntekt.

Inntekt frå leigebuarar vert rekna som inntekt for søkjar.

Søkjar må sjølv bu i bustaden og ha registrert adressa i folkeregisteret.

Det vert ikkje gjeve fritak for eigedomsskatt om likvide midlar (bankinnskott, aksjar og liknande) overstig folketrygda sitt grunnbeløp 1 G. Dette gjeld for alle hustandsmedlemmar over 18 år med inntekt.

Det er mogleg å søke sjølv om desse retningslinjene ikkje er oppfylt. Søknader som klart er innanfor retningslinjene vert handsama administrativt av eigedomsskattekontoret, andre prinsipielle søknader vil verte handsama av formannskapet.

Krav om dokumentasjon

- Utskrift av siste skattemelding (Skatteetaten) for alle husstandsmedlemmar over 18 år.
- Husleiekontrakt dersom søkjar leige ut deler av bustad eller anna.
- Det er egne dokumentasjonskrav for einingar i burettslag.